



Norske Felleskjøp SA

Prognose for tilgang og forbruk av norsk korn i sesongen 2016/2017

pr. 21. mars 2017

Marknadsreguleringa i kornsektoren har som formål å sikre omsetninga av norsk korn og å skape balanse i kornmarknaden i Norge. Sentrale verkemiddel er tiltak mot periodiske overskott og supplering av importerte råvarer. Grunnlaget blir lagt gjennom prognosar for tilgang og forbruk av korn.

Tilgangsprognose

Prognosen byggjer på kvantum korn som er avrekna for landet til og med februar jamført med status på tilsvarende tidspunkt tidlegare år. Norske Felleskjøp gir følgjande prognose for tilgangen av norsk korn til engrosmarknaden i kornåret:

Tilgang norsk korn (tonn)

	Gjennomsnitt 2011-15	Tilgang 2015	Prognose 2016	Prognose ifht siste 5 år	Prognose ifht siste år
Matkveite	150 300	147 700	224 000	149 %	152 %
Førkveite	163 100	324 000	63 000	39 %	19 %
Kveite i alt	313 400	471 700	287 000	92 %	61 %
Matrug	17 400	36 600	12 000	69 %	33 %
Førrug/rughvete	10 100	29 500	9 000	89 %	31 %
Rug i alt	27 500	66 100	21 000	76 %	32 %
Bygg	491 400	474 400	598 000	122 %	126 %
Havre	238 100	268 700	343 000	144 %	128 %
Korn totalt	1 070 400	1 281 000	1 249 000	117 %	98 %
Erter	2 100	3 500	5 000	238 %	143 %
Oljefrø, åkerbønner	9 200	10 400	11 000	120 %	106 %
Korn, erter, oljefrø	1 081 700	1 294 900	1 265 000	117 %	98 %
Matandel kveite	48 %	31 %	78 %		
Matandel rug	63 %	55 %	57 %		

(Kjelde historiske data: Landbruksdirektoratet)

Prognosen tilseier ein auke i forventa tilgang på 39 000 tonn korn i forhold til prognosen av 17. november 2016.

Kvalitet og fordeling matkveite

Under er vist registrert og forventa fordeling av matkveiten mellom ulike proteinklasser og for proteininnhald. Prognosen er basert på oppdatert rapport frå Landbruksdirektoratet pr. primo mars:

Klassedeling av tilgang matkveite (kvantum i tonn):

	2015-16		Prognose 2016-17		
	Fordeling tilgang	Protein-%	Prognose	Kvantum (tonn)	Protein-%
Klasse 1	3,2 %	12,4 %	20,5 %	46 000	13,6 %
Klasse 2	14,9 %	12,4 %	20,3 %	45 000	13,3 %
Klasse 3	41,8 %	12,2 %	44,6 %	100 000	13,2 %
Klasse 4	36,7 %	11,9 %	14,6 %	33 000	12,8 %
Klasse 5	3,4 %	11,7 %			
I alt	100,0 %	12,1 %	100 %	224 000	13,3 %

(Kjelde: Landbruksdirektoratet)

Fordeling av tilgangen av norsk korn i sesongen

Tabellen under gir oversikt over den føresette bruken av norsk korn til ulike formål (før svinn):

Fordeling norsk korn (tonn)

Kornslag	Tilgang ny avling	Overlagra korn inn	Forbruk matkorn	Omdisponert til før	Overlagre til ny sesong	Norsk korn i alt til før
Kveite	287 000	26 900	194 500	0	28 000	91 400
Rug	21 000	6 400	18 400	0	0	9 000
Bygg	598 000	9 800	3 400		0	604 400
Havre	343 000	11 400	29 100		27 000	298 300
Totalt	1 249 000	54 500	245 400	0	55 000	1 003 100

Oversikta inkluderer 54 500 tonn reguleringsvare av mat- og fôrkorn under overlagring frå sesongen 2015/2016.

Den norske matkveiten etter hausten 2016 er av svært god kvalitet. Det er lagt til grunn at matmjølmøllene i gjennomsnitt for sesongen vil bruke 69 % norsk matkveite i produksjonen. Eventuelt overskot av matkveite bør gi grunnlag for overlagring heller enn å bli brukt til før.

Ekstraordinært stor tilgang av bygg og havre, men liten tilgang av fôrkveite, pregar tilgangen av norsk råvare til kraftfôrindustrien.

Forbruksprognose

Matkorn

Prognosen for forbruk av matkorn er basert på forbruksstatistikk frå Landbruksdirektoratet til og med januar 2017 og trend pr. måned for siste fem år for resten av sesongen.

Tabellen under viser forbruket dei siste sesongane, og prognose:

Matkornforbruk pr kornsesong (tonn)					
Sesong	Kveite	Rug	Bygg	Havre	Sum
2011/2012	279 930	25 590	2 872	23 191	331 583
2012/2013	281 646	26 056	2 604	26 998	337 304
2013/2014	279 896	23 421	2 643	28 807	334 767
2014/2015	274 863	22 114	3 184	30 178	330 339
2015/2016*	276 371	21 071	3 405	29 881	330 728
Prognose 16/17	281 900	20 600	3 400	31 600	337 500

(Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet)

Forbrukstala indikerer ein auke i norsk foredling av matkorn for den norske marknaden.

Kraftfôr

Forbruksprognosane for fôrkorn baserer seg på registrert sal av kraftfôr til og med 4. kvartal i 2016 og produksjons- og salsprognosar frå prognoseutvala for mjølk, kjøtt og fjørfe. Statistikken for kraftfôromsetninga viser at salet i 4. kvartal 2016 var 5 % høgare enn prognosert i november.

Prognosen for omsetning av kraftfôr er vist i tabellen:

Kraftfôrsalg per kornsesong (tonn)					
	Drøvtyggar	Svin	Fjørfe	Anna	Sum
4K11 - 3K12	975 091	490 463	409 564	30 080	1 905 198
4K12 - 3K13	992 119	482 004	446 184	28 380	1 948 687
4K13 - 3K14	997 058	481 603	460 639	25 192	1 964 492
4K14 - 3K15	1 010 312	495 779	426 925	22 386	1 955 402
4K15 - 3K16*	1 012 834	498 346	436 699	19 118	1 966 997
4K16 - 3K17**	1 006 000	502 000	466 000	17 000	1 991 000
Endring	-0,7 %	0,7 %	6,7 %	-11,1 %	1,2 %

(Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet)

Import av kornråvarer for å supplere tilgangen av norsk korn

Importbehov matkorn

Kvaliteten på den norske matkveiten er svært god. Ut frå prognosert totalt forbruk av matkorn og prognosert tilgang av norskprodusert matkorn, vil behovet for supplerande import av matkorn i sesongen vere som i tabellen under:

Importbehov matkorn (tonn)					
	Kveite	Rug	Bygg	Havre	Sum
Forbruksprognose	281 900	20 600	3 400	31 600	337 500
Norsk korn	194 500	18 400	3 400	29 100	245 400
Importbehov	87 400	2 200	0	2 500	92 100

I august og november er det tildelt 72 000 tonn eller 78 % av den prognoserte totalkvoten.

Forslag om importkvote for matkorn

Ved fastsetting av kvote for import med redusert toll vert det teke omsyn til import frå MUL-land og til særskilt avtalte kvoter med andre land. Det er ikkje søkt om GSP-lisensar for import av matkorn. Det er lagt til grunn at durumimporten skjer innafor bilateralt avtalte kvotar.

Ved tildeling av kvote for supplerande import av matkorn til redusert toll, kan Landbruksdirektoratet i november tildele kvoter slik at inntil 80 % forventa importbehov for sesongen er fordelt ved auksjonane i august og november. I denne prognosen er det lagt til grunn at halvparten av samla restkvote for sesongen kan bli tidelt gjennom auksjon i mars.

Dette tilseier følgjande matkornkvote for ein ekstra auksjon i mars:

Prognosert suppleringsimport matkorn, mars 2017 (tonn)	
Prognosert suppleringsimport sesongen	92 000
- Import under kvoter for durumkveite 2015	-
Suppleringsimport inklusive MUL-import	92 000
- Tildelt importkvote i august	(59 000)
- Tildelt importkvote i november	(13 000)
Importbehov inklusive MUL-import	10 000
Korreksjon for kvotetildeling forrige sesong	-
- Lisensiert nulltollimport frå MUL-land	-
Prognosert importkvote med administrert toll	10 000

Det gjenstår etter prognosen 10 000 tonn, eller 11 %, av totalkvoten for fordeling i mai.

Importbehov fôr Korn

Kraftfôr er i hovudsak samansett av karbohydrat-, protein- og feitråvarer. Importen av karbohydratråvarer – som konkurrerer direkte med norskprodusert korn – er regulert gjennom kvoter.

Ved kvotetildeling etter prognosen i november vart det føresett omdisponering av matkveite til fôr, noko vi ikkje legg til grunn i dag. Vidare vart tildelinga redusert frå 80 % til 70 % av prognosert importkvote for sesongen.

Endra krav i husdyrproduksjonane stiller endra krav til råvaresamansettinga, samtidig som det er forventa at norsk husdyrproduksjon utnyttar norske fôrressursar. Over tid er andelen karbohydratråvarer redusert og med det rommet for norsk korn. I vurderinga av balansen no er det lagt til grunn ein andel karbohydrat på 70,0 %, likt med dei to føregåande kvartal, 3. og 4. kvartal i 2016.

Behovet for import av karbohydratråvarer blir som vist under:

Importbehov karbo (tonn)		
Forbruk		
Kraffførsal	1 991 000 tonn	
Andel karbohydratråvare	70,0 %	
Behov karbohydratråvarer		1 394 000
- Forbruk av norsk kli		58 000
Karboråvarer eksklusiv kli		1 336 000
Tilgang		
	1 003 000 tonn	
Norsk korn brukt til krafffôr etter svinn *)		-993 000
Suppleringsbehov karbohydratråvare		343 000

*) Svinn 1,0 %

Norsk korn utgjør med dette 74 % av karbohydratbehovet eksklusiv kli.

Ved tildeling av ekstraordinær kvote i mars, blir det teke omsyn til at det skal stå igjen tilstrekkeleg av totalkvoten for tildeling i mai.

Ein del av importen av karbohydratråvarer skjer under egne bilaterale kvoter og frå MUL-land. Kvoten for tildeling i mars blir:

Prognosert suppleringsimport karbohydrat, mars 2017 (tonn)		
Prognosert behov for importbehov i sesongen		343 000
- Kvoter for mais og maisgrits - EU		(20 000)
- Kvote for roemelasse - GSP		(40 000)
Korreksjon for ubrukte MUL-lisensar i siste kvoteår		-
Suppleringsimport inklusive MUL-import		283 000
Importbehov inklusive MUL-import	85 %	241 000
- Tildelt importkvote i august		(108 000)
- Tildelt importkvote i november		(69 000)
- MUL; import og lisensar august-april		(20 000)
Forslag til importkvote med administrert toll		44 000

Det gjenstår etter prognosen 43 000 tonn til maiauksjonen, eller 15 % av totalkvoten.

VEDLEGG

Tilgang korn (tonn)

	Hvete			Rug		
	Mat	Fôr	Total	Mat	Fôr	Total
1998/1999	122 018	188 460	310 478	3 024	11 441	14 465
1999/00	196 350	16 842	213 192	5 020	366	5 386
2000/01	250 551	46 310	296 861	6 832	3 350	10 182
2001/02	115 461	129 014	244 476	2 503	3 079	5 582
2002/03	201 111	42 967	244 078	6 048	2 105	8 154
2003/04	310 007	24 347	334 354	15 725	2 453	18 178
2004/05	336 060	55 818	391 878	33 192	5 811	39 003
2005/06	355 252	22 663	377 915	25 872	7 563	33 434
2006/07	219 365	120 726	340 091	19 940	4 690	24 630
2007/08	303 085	78 421	381 506	25 080	13 225	38 305
2008/09	128 406	305 198	433 604	20 016	26 657	46 673
2009/10	86 290	177 773	264 064	8 961	17 996	26 957
2010/11	184 791	127 458	312 249	16 182	17 585	33 767
2011/12	40 504	229 783	270 287	4 747	11 478	16 225
2012/13	174 164	84 459	258 623	2 853	2 025	4 878
2013/14	171 406	26 335	197 741	11 700	949	12 649
2014/15	217 471	150 946	368 418	31 259	6 764	38 023
2015/16	147 734	324 001	471 735	36 591	29 532	66 123
15. august	156 000	128 000	284 000	18 000	16 000	34 000
20. september	214 000	92 000	305 000	15 000	10 000	25 000
17. november	212 000	74 000	286 000	12 000	8 000	20 000
Prognose	224 000	63 000	287 000	12 000	9 000	21 000

Tilgang korn (tonn)

	Bygg	Havre	Sum korn	Erter	Oljefrø, åkerbønner
1998/1999	580 016	365 783	1 270 742	0	9 784
1999/00	585 008	330 530	1 134 116	0	10 304
2000/01	537 095	374 940	1 219 078	0	9 008
2001/02	583 915	312 821	1 146 794	290	19 113
2002/03	555 501	261 445	1 069 176	529	17 822
2003/04	552 344	316 605	1 221 480	1 054	11 312
2004/05	599 521	353 222	1 383 624	2 476	12 237
2005/06	557 297	264 385	1 233 032	3 400	11 220
2006/07	508 919	233 840	1 107 480	5 934	9 519
2007/08	456 091	260 427	1 136 328	8 691	8 966
2008/09	528 749	310 348	1 319 374	6 590	9 722
2009/10	447 484	268 224	1 006 728	6 818	6 819
2010/11	512 424	287 128	1 145 568	6 445	10 165
2011/12	462 313	219 982	968 807	2 272	8 577
2012/13	541 984	219 864	1 025 348	1 869	11 315
2013/14	479 429	212 361	902 179	963	6 015
2014/15	498 860	269 693	1 174 994	2 087	9 648
2015/16	474 394	268 737	1 280 989	3 535	10 403
15. august	517 000	289 000	1 124 000	5 000	8 000
20. september	561 000	308 000	1 199 000	5 000	9 000
17. november	574 000	330 000	1 210 000	5 000	11 000
Prognose	598 000	343 000	1 249 000	5 000	11 000

Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet